



Stad kommune

# NYTT fra Stad kommune / juni 2021

tilsette i Stad

Informasjon om stort og smått i org.

## Sommarhelsing

Då er vi komne til eit punkt i året som gjer at dei fleste av oss ser fram til ei tid med fri frå arbeid og oppgåver, og dermed tid til avveksling og meir samvær med andre enn dei du til dagleg møter gjennom arbeid. Vi har no stått i lag gjennom eit krevjande halvår, og vi har vore avhengige av å samarbeide godt for å løyse oppgåvene våre då det ikkje har vore lett å vite korleis dagane skulle bli. No er det å håpe at når vi møtest igjen etter ein velfortent pause, så kan vi gå lysare tider i møte. Tider der vi kan møtast på ulike måtar, og tider der det blir lettare å planlegge på litt lengre sikt, og ikkje minst tider der vi kan tørre å gle oss til ting som skal skje fram i tid.

Vi har vel takla denne tida ulikt, og det blir spennande å sjå kva vi ønskjer å ta med oss av erfaringar både vidare i livet og i arbeid. Evna til å gle seg over det som er her og no er vel kanskje noko å strekkje seg etter også utan eit liv i pandemi. Og ikkje minst evna til å snu seg raskt når ting likevel ikkje vart som du tenkte. Eg trur den også kan kome godt med i framtida då oppgåvene vi skal løyse og folka vi skal møte alltid vil gje oss overraskinger. Kanskje gjer den oss betre i stand til å møte og forstå andre sine perspektiv og behov og slik gjere oss betre til å finne gode løysingar i lag med dei vi samarbeider med.

Eg veit at det eg gler meg mest til er å kunne møte tilsette i Stad kommune. Vi har etablert eit større fellesskap gjennom å bli ein ny kommune, og eg tenker det både vil vere kjekt og viktig å kunne møte kvarandre i ulike samanhengar. Vi har ein plan om å arrangere treff for tilsette i Operahuset Nordfjord 8. september. Det blir spennande å sjå om det blir mogleg av smittevernomsyn. Dersom dette ikkje går, har vi ein alternativ dato 10. november. Kjekt om de merkar av dette i kalenderen, og så kjem vi tilbake til invitasjon over sommaren når vi veit meir.

Vi har også ein plan om å gjennomføre ei medarbeidarundersøking i haust. Vi ønskjer å få vite korleis våre tilsette opplever vilkåra for å gjøre ein god jobb. Då handlar det om korleis vi legg til rette for å utvikle kompetansen vår slik at vi opplever meistring og trivsel i arbeidet vårt, og



på denne måten klarer å yte gode tenester til innbyggjarane våre. Dette vil vi førebu i lag med leiarane, tillitsvalde og verneombod slik at vi får god oppslutnad om undersøkinga, men ikkje minst engasjement og involvering som gjer at vi i ettertid lukkast med å følgje opp der vi ser at vi har forbettingsområde. Undersøkinga vil gi oss ulike svar på alle dei ulike arbeidsplassane våre, og vi vil då vere avhengige av at alle tilsette engasjerer seg om vi skal lukkast med å vidareutvikle ein god arbeidskultur der alle opplever å bli verdsette og klarer å yte sitt beste.

Eg håper også at vi kan få gjennomføre besök på alle arbeidsplassane i Stad kommune. Eg og kommunalsjefane har i lag med ordførar og varaordførar hatt ein plan om å kome rundt til alle for å gjøre oss kjende. Vi kjenner godt leiarane, men det vil ha ein stor verdi å få møte våre tilsette, og ikkje minst prøve å forstå korleis de opplever arbeidsvilkåra dykkar i dei ulike tenestene. Eg håper at når eg sit og skriv julehelsinga i år, så er det med ein mykje betre kjennskap til organisasjonen eg har ansvar for å leie.

Men det er heldigvis lenge til jul, og no har eg berre eitt ønskje, å det er å håpe at de alle får ein god og velfortent sommarferie!

Åslaug Krogsæter

## Konsept og grafisk profil for Stad

Den nye Stad-profilen for konseptet Hjartestad er no ferdigstilt og blir denne veka lansert og gjort klar for bruk. Det er utarbeidd ei profilhandbok med retningsliner og prinsipp for korleis profilen med tilhøyrande element skal nyttast i utvikling av info- og profileringsmateriell.

Profilen med ny logo og malar vil inngå i Stad kommmune si verktøykasse for kommunikasjon. Denne vil vere tilgjengeleg for alle på Stad kommune si nettside og bli supplert med nye element etter behov. Her vil du finne det du treng av logoar, info.malar, pp-malar m.m. som kommunen skal bruke for å oppnå ein heilskapleg og einsarta kommunikasjon.

Den nye profilen vil i vesentleg grad vere synleg gjennom kommunen sin kommunikasjon og kanalar, men Hjartestad og tilhøyrande grafiske profil skal ha ei overbyggjande rolle for heile samfunnet. Både lag og org., næringsliv, bygder og andre i samfunnet skal kunne bruke dette for å styrke si eiga marknadsføring,

Den overordna målsettinga med konseptet/profilen er å skape attraktivitet og bulyst i Stad – både for eksisterande innbyggjarar, potensielle tilflyttarar og ikkje minst også gjere Stad til ein attraktiv plass for næringslivet å etablere seg.



Profilskisser v.1.4

Profilhandbok for det nye Stad-konseptet finn du på Stad kommune si nettside.

Denne veka kjem Vilde og Tore Hjelle ut med den nye songen HJARTESTAD, som handler om den flotte naturen her og gleda over å bu i Stad kommune.

Aleksander Raftevold har produsert songen og har fått med seg eit stjernelag av artistar frå Stad: Vilde Hjelle, Anna Naustdal, Oselie Henden, Tom Grinde Grinde, Maren Holmgren, Odd Erik Lothe, Line Dybedal og ungar frå Golvsengane barnehage. Madeleine Berg er med på fiolin og Dan Åsebø har gjort innspelingane i Gymmen. Hjartestad kjem på Spotify, og fredag 18. juni kl. 15 kan du høre songen på NRK SFj – og intervju med Vilde og Tore Hjelle og Aleksander Raftevold.

Vi håper den vil inspirere og vere til glede for alle som bur i kommunen!



Urbant landbruk er eit av samarbeidsprosjekta der fleire aktørar er med. Arild Vonheim og Mirjam Keisel frå Stad kommune (t.v.) og lokale initiativtakrar Anne-Joril Bratlie Haugland og Hanne Østvik.

## Samskaping

Stad kommune har denne våren jobba med utviklings- og forskningsprosjektet «Den samskapande kommunen». Prosjekt som er finansiert av Norges forskingsråd, og er eit samarbeidsprosjekt mellom Stad, Nordre Follo, Tinkr, Telemarksforsking og Universitetet i Sørøst Norge, der Stad kommune sit som prosjekteigar.

Prosjektet starta opp i januar med deltaking frå folkevalde, tilsette, innbyggjarar/næringsliv/frivillige, og skal gå over 3 år.

Hovudmålet med prosjektet er å skape ein samarbeids- og endringskultur slik at vi får samskaping inn som ein etablert arbeidsmetode i lokal samfunnsutvikling. Dette vil vi gjere mellom anna ved å involvere innbyggjarane og andre aktørar i større grad enn det som er vanleg.

I Stad består prosjektet av tre delprosjekt. Det eine delprosjektet omhandlar stadutvikling med fokus på urbant landbruk. I prosjektet «urbant landbruk»

ønskjer vi å utforske potensialet av urbant landbruk, og korleis ein kan bruke det for å skape eit levande sentrum med meir aktivitet.

Det andre delprosjektet er Folkehelse med *Eit aktivt og meiningsfullt liv*, medan det tredje prosjektet er heimebasert omsorg med *Framtidas heimebaserte omsorg*.

- Det er så langt gjennomført to samlingar med interesser i to av delprosjekta, og vi håper og trur at fleire vil vere med. Veldig kjekt å sjå at folk er engasjerte og sett pris på å vere med å forme og utvikle flotte tiltak og løysingar som vi alle kan ha glede av! Her kan alle vere

med å gjere ein forskjell, om ein har lyst, seier Arild Vonheim, rådgjevar i Stad kommune og ein av delprosjektleiarane i prosjektet.

- Om vi lykkast å finne gode metodar for korleis vi skal arbeide ilag, så håper vi dette er noko som fleire kommunar kan ha glede av og ta i bruk.

Samskaping er eit sentralt satsingsområde i Stad kommune sin Samfunnsdel og blir eit viktig prinsipp for korleis vi i fleire samanhengar må tenke og jobbe for å utvikle og løyse oppgåver i framtida.

*Du kan lese meir om prosjektet og dei ulike delprosjekta på nettsida vår [stad.kommune.no](http://stad.kommune.no)*

## Klar med ny kompetanse- og rekrutteringsplan for Stad kommune

Kommunestyret vedtok den 06.05.2021 kompetanse- og rekrutteringsplan for Stad kommune 2021 – 2024.

Riktig og god kompetanse skal sikre kvalitet i tenestene, effektiv ressursutnytting og godt omdøme der Stad kommune vert opplevd som ein attraktiv arbeidsplass. Ei bevisst, systematisk og strategisk satsing på rekruttering og kompetanse er viktig for at Stad kommune skal lykkast som både samfunnsutviklar og som velferdsprodusent.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe med personalsjef, einingsleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Arbeidsgruppa starta opp arbeidet den 13.02.2020. Det er utarbeidd eit prosjektmandat som vart vedteke i administrasjonsutvalet 12.03.2020. Arbeidsgruppa har hatt fleire møte, og har samarbeidd med ulike ressurspersonar, både internt og eksternt, i arbeidet med kompetanse- og rekrutteringsplan for Stad kommune. Kompetanse- og rekrutteringsplanen har også vore til intern høyring i organisasjonen.

Alle einingane har laga kompetanse- og rekrutteringsplanar, og desse har vore grunnlag for arbeidet med Stad kommune sin kompetanse- og rekrutteringsplan. Dei einingsvise kompetanse- og rekrutteringsplanane skal ligge i Compilo på einingane sitt område, slik at medarbeidarane kan gjere seg kjend med planen for si eining. Målet er at medarbeidrarar, tillitsvalde og verneombod skal vere med i arbeidet med dei einingsvise planane, som årleg skal reviderast.

I Stad kommune sin kompetanse – og rekrutteringsplan har vi blant anna søkt å klargjere kva som er målet med kompetanse- og rekrutteringsplanen, kva utfordringar vi står overfor, kva strategiar vi har og kva tiltak vi prioritærer i planperioden.

Vi har også i planen søkt og synet heile strukturen og systemet for strategisk arbeid med å rekruttere og behalde medarbeidrarar. Planen syner at vi må arbeide med mange strategiar for å møte dei utfordingane vi står overfor.



Personalsjef Heidi Kroken Bruland og rådgjevar Vivian Sæten håper den nye planen vil gje oss eit godt grunnlag for å utvikle organisasjonen og sørge for god rekruttering til Stad kommune.

Våre hovedstrategiar for å rekruttere og behalde medarbeidrarar er:

- vi deltek i regionalt samarbeid om utdanning og rekruttering
- vi er ein attraktiv arbeidsplass
- vi legg til rette for innovasjon, utvikling og læring i organisasjonen
- vi er ei god lærebodrift

Kompetanse- og rekrutteringsplanen for Stad kommune 2021 – 2024 finn du i compilo under personal og HMS – overordna styringsdokument.